



Uskedal skule, Uskedal barnehage og Hagetunet er sentrale plassar der det vert utført kommunale tenester.

Det er sterke reaksjonar på tildelt budsjetttramma for kommunale tenester. Uskedalen.no vil fylgja opp denne saka på nettsida. Uskedal utvikling inviterer til møte, særleg med fokus på heimebaserte tenester. Det same gjeld truleg reduksjon i talet sjukeheimplassar ved Rosendalstunet. Ei omorganisering, som omfattar drifta ved Hagetunet i Uskedalen, vil truleg vera uhelding for det kommunale tenestetilbodet.

Uskedalen.no vil i ulike innlegg skriva om driftsramma for dei einingane som særleg omfattar tenestetilboda i Uskedalen. Det gjeld:

- Uskedal skule
- Uskedal barnehage
- Pleie- og omsorgstenester i Heimetenester nord
- Sjukeheimplassar og dagtilbodet på Rosendalstunet
- Tekniske tenester, drift og vedlikehald

Det er rett nok ulike signal frå einingsleiarane i Uskedalen av det vi kan lesa oss til i Kvinnheringen. Bjørn Olav Tveit, einingsleiar på Rosendal ungdomsskule, snakkar om ei dramatisk nedskjering som vil føra til eit svekka undervisningstilbod. Leiar i Uskedal barnehage, Ann Irene Sæle, ser svært alvorleg på situasjonen. Alt er skore til beinet. Lilli Britt Urheim, rektor på Uskedal skule, seier at budsjetttramma er nett nok til å halda den same drifta som i 2016, men då har skulen teke nokre nedskjeringar i forkant.

Leif Kongestøl på Rosendalstunet signaliserer ei nedskjering på sjukeheimplassar på fire. Ellen Korsvold i Heimetenester nord vil ha meir tid før ho seier noko om drifta for 2017. Pårørande og brukarar av heimetenester har alt kontakta Uskedalen.no. Omorganisering med nye rutinar og vaktplanar er alt synleg i negativ retning i høve til det tenestetilbodet som har vore i Uskedalen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal